



Kirsten Emilie Nævdal  
Myrdalsvegen 46 K  
5130 NYBORG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/15639 - 23/41372

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
31.05.2023

## Ferdigattest naust - gbnr 83/1 Spjotøy

**Administrativt vedtak:** Saknr: 561/23  
**Tiltakshavar:** Kirsten Emilie Nævdal  
**Ansvarleg søkjar:** Arkitekt Mette Kyed Thorson  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for naust på gbnr 83/1/2. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.09.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottaken 12.05.2023.

### Skildring

Adresse:	Spjotøyvegen 375
Bygningstiltak:	Naust/båthus
Bygningsnummer:	300934224
Bruksareal:	36m <sup>2</sup>

## Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/15639

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kirsten Emilie Nævdal

Kvalen 16            5955  
Myrdalsvegen       5130  
46 K

LINDÅS  
NYBORG